



Pluss for Terje Myklebust, Berit Guddal og Finn Guddal i Trelastlageret (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Både Byggpartner Kvinnherad AS og Uskedal Trelastlager AS hadde eit positivt driftsresultat i 2009. Det går fram av ein firmaoversikt som er attgjeve i Grenda i dag.**



Pluss for Frode Bu i Byggpartner Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Byggpartner Kvinnherad AS fekk eit årsresultat på 235.000 mot 238.000 året før etter å ha hatt driftsinntekter på 8.973.000 kroner. Dei tilsvarande tala for Uskedal Trelastlager var 349.000, 188.000 og 12.147.000 kroner.

I ein oversikt over 10 byggjefirma i kommunen er det berre Byggeservice og Trelasten AS som har negativt driftsresultat i fjor - på i overkant av 3 millionar og i overkant av 5 millionar.

Trelasten var på minus-sida også 2008 med 1,2 millionar. medan Byggservice hadde knappe 4 millioner i pluss det året.

Leigland Bygg og Geitanger Bygg har no kjøpt halvparten av aksjane i Kvinnherad Bygg.

Det beste resultatet har Teigen Bygg & trelast med 2.971.000 etter å ha hatt driftsinntekter på 51.475.000. Men Kvinnherad Bygg låg ikkje langt etter med 2.347.000.

Av Ola Matti Mathisen